

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900  
5020 BERGEN

**Referanser:**

Dykkar:  
Vår: 15/1044 - 15/5229

**Saksbehandlar:**

Gjertrud Karevoll  
gjertrud.karevoll@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

29.08.2015

## Melding om vedtak - Høyring - Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

Saka er behandla i Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 77/2015

**Det er gjort slikt vedtak:**

Høyringsuttale frå Vaksdal kommune:

Høyringsutkastet til Regional areal- og transportplan gjev kommunen ei tydeleg arbeidsramme med klare forventningar til kommunen si planlegging. Slik sett vil planen vere eit godt arbeidsreiskap.

Likevel ynskjer Vaksdal kommune å løfte fram to utfordringar vedrørande *regionalt transportsystem*.

- Me saknar fokus på E16/Bergensbanen som hovudkjelde for stykkgoods til Bergensområdet og nødvendigheiten av å prioritere ei effektiv, miljøvenleg, trygg transportåre med høg regularitet. Det er klart at framkomstproblem i stor-Bergen har mange negative ulemper, men varestraumen på E16/Bergensbanen er ei av hovudforsyningskjeldene som er råka av dårleg regularitet, og som bl.a. medfører store økonomiske tap for næringslivet. Strekingen Voss-Arna, alternativ K5, må prioriterast inn i Nasjonal transportplan. Av store infrastrukturprosjekt i regionen er det utbygging av E16/Bergensbanen som ikkje medfører meir biltrafikk og transport til Bergen sentrumsområde.
- I samband med transportsystemet saknar me også ein omtale av massehandtering i samband med store infrastrukturprosjekt. Dette var tema i planprogrammet, men manglar utgreiing og omtale.

**Post**

post@vaksdal.kommune.no  
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**

www.vaksdal.kommune.no  
Telefon +47 56 59 44 00  
Telefaks +47 56 59 44 01

**Konto**

Org.nr. 961 821 967



**VAKSDAL KOMMUNE**

Rett utskrift:

Åse Elin Myking  
Ass. rådmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

**Mottakarar:**

Hordaland fylkeskommune